

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Torsdag 24. mai kl. 17.30 på Skodje Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 08/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 11.04.2018
- Sak 09/18 - Årsmelding 2017 - Skodje kommune.
- Sak 10/18 - Årsrekneskap 2017 - Skodje kommune.
- Sak 11/18 - Årsrekneskap 2017 - Fellesnemnda Nye Ålesund.
- Sak 12/18 - Rutinar knytt til kontroll og oppklaring hos underleverandørar.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Sak 08/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 11.04.2018

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 11.04.2018, kl. 17.00 – 19.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Janne Gommesen.

Pål Aarsæther og Arnstein Sæthre hadde forfall (forfall var ikkje meldt sekretariatet).

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte konstituert dagleg leiar Kurt Løvoll, revisor Svein Ove Otterlei og Revisor Anne Nygård.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt av Inge Øye.

SAK 01/18

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27.09.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27.09.2017 blir godkjent.

SAK 02/18

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR SKODJE KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.04.2018

✓ Kurt Løvoll frå Kommunerevisjon 3 gjorde utvalet merksam på at dei hadde diskutert plan for forvaltningsrevisjon på sitt møte i 2016, men at denne ikkje var sendt over til handsaming i kommunestyret. Han rådet utvalet til å endre dokumentet til «oppdatering av plan for

forvaltningsrevisjon» og innstille på å sende denne saka over til endeleg handsaming i kommunestyret.

Sekretariatets opphavelige innstilling var:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020 til orientering.

På bakgrunn av nye opplysningar frå Kommunerevisjon 3 fremma leiar nytt forslag:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om oppdatering av plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020 til orientering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om oppdatering av plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020 til orientering.

Sak 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Skodje kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.04.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 04/18 - Kontrollrapport 2017 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Skodje kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.04.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 05/18 - Overordna revisjonsstrategi – vurdering av uavhengigheit og engasjementbrev.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.04.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Sak 06/18 - Oppfølging av sak 18/17, Datatilsynet – varsel om vedtak. B-sak, papirer deles ut i møtet.

Møtet ble lukka med heimel i Kommunelovas §31, 3. punkt (hensyn til personvern). Diverse korrespondanse mellom Skodje kommune, Datatilsynet og Bente Fremmerlid blei delt ut. Disse dokumenta var ikkje offentleg; Off. lova §13. første ledd, jfr Forvalt. Lova § 13.1

Saka var ei oppfølging av sak 18/17 kor utvalet utsette behandlinga i påvente av slutføring av dokumentasjon mellom Skodje kommune og Datatilsynet. Desse blei lagt fram i møtet og kontrollutvalet fann ikkje at det kom fram nye opplysingar som tilsa vidare behandling i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med bakgrunn i framlagt korrespondanse mellom Skodje kommune og Datatilsynet, vedkomande sak 18/17, avsluttar Skodje kontrollutval denne saka.

Sak 07/18 - Oppfølging av sak 20/17, punkta 1,3,4 og 6

Ordførar Dag Olav Tennfjord orienterte rundt fleire av punkta.

- Punkt 1; Leiar Rolf Liebich kontaktar Elise Baklund Stavset for å undersøke om hun kan søke fritak frå vervet i kontrollutvalet.
 - Punkt 3; Situasjonen ved Furlia. Ordførar undersøker nærare med ÅRIM og melder tilbake til utvalet.
 - Punkt 4; Sekretariatet sender brev til både Liv Helgesen og Bente Fremmerlid angående deira saker.
 - Punkt 6; Eigarskapsmelding; Ordførar vil be administrasjonen legge fram eit notat med oversikt over kva verksemder kommunen er eigarar i.
-

Eventuelt

Inge Øye tok opp følgende:

Har kommunen system og rutinar knytt til kontroll og oppklaring hos underleverandørar i store eller mindre prosjekt.

Der det kan vere kriminelle aktørar som driv med fiktiv fakturering og kvitvasking av pengar.

Eg kjenner til at det er seriøse / aktverdige firma som har vore og er innblanda i slike tilfelle.

Det er etablerte kriminelle som har halde på i lang tid utan å bli oppdaga og tatt.

Sekretariatet vil vende seg til Innkjøpsamarbeide Sunnmøre og spørje kva rutinar som blir nytta.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Sak 09/18 - Årsmelding 2017 - Skodje kommune.

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 06.05.2018

ÅRSMELDING 2017 - SKODJE KOMMUNE

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2017 – Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Skodje kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 10/18 - Årsrekneskap 2017 - Skodje kommune.

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 16.05.2018

KOMMUNEREKNESKAPEN 2017 – SKODJE KOMMUNE

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2017 - Skodje kommune
2. Skodje kommune - kommunerekneskapen 2017

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på rutinane for kontroll og etterleving av regelverket for offentlege innkjøp.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til kommunestyret i Skodje

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune som viser kr 269 679 094 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10 143 615. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Anna informasjon

Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av rådmannens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Ålesund, 15. april 2018

Anne Nygård

Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Mottakarar:
Skodje kontrollutval
Rådmannen i Skodje kommune

Vår saksbehandlar:

Vår dato:
14.05.2018
Deres dato:

Vår referanse:

Deres referanse:

Rekneskapsrevisjon 2017 – Skodje kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapskapen for rekneskapsåret 2017 for Skodje kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Skodje kommune

Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Det vart plukka ut 13 forskjellige leverandørar som hadde omsetning over nasjonal terskelverdi, det vil seie om lag 1,1 millionar kroner i løpet av fire år. Av dei 13 utplukka leverandørane var det fleire avtalar som ikkje er handsama etter regelverket. Ein av avtalen er terminert i ettertid.

Kommune kjøper tenester frå handverkarar til løpande vedlikehald utan at det har vore konkurranse. Av utvalet er det også direktekjøp på teneste for mekling av forsikring, arkitekt, vikarteneste til helse- og omsorgssektoren og kjøp av daglegvarer frå lokale leverandørar.

For arkitekttenestene vart det gjennomført konkurranse gjennom samarbeidet med Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre etter at kjøpet var gjennomført. Kjøp av arkitekttenester vert no

gjort gjennom denne rammeavtalen. Kjøp av vikarteneste til helse- og omsorgssektoren frå den leverandøren som var utplukka, er per dato avslutta.

Ved utgangen av 2017 er det kjøp av handverkstenester til løpande vedlikehald og kjøp av daglegvarer frå lokal leverandør som ikkje følgjer regelverket for offentlege innkjøp.

Kommunerevisjonen rår rådmannen til å sjå nærmare på rutinane for kontroll og etterleving av regelverket for offentlege innkjøp.

Skiljet mellom drift og investering

Vi har tatt stikkprøvekontroll på fakturaer under kr 100.000. Ein del av desse var feilføringar og er korrigert frå investering til drift.

Bokføring av Prosjekt 3331 Kommuneplan i investeringsrekneskapen vart gjort på grunn av at det var budsjettert i investeringsrekneskapen. Dette er overordna planleggingsarbeid. God kommunal rekneskapsskikk (GKRS 4) er tydeleg på det ikkje er høve til å føre denne type utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunen har difor korrigert dette, og bokført alt som driftsutgift.

Oppfølging av periodisering, mellom anna variabel løn desember

Manglande periodisering av variabel løn har vore praksis i mange år. God kommunal regnskapsskikk krev at kommunane skal bruke anordningsprinsippet. Det vil seie at alle inntekter og utgifter som er knytt det aktuelle året skal bokførast som inntekt eller utgift på året. Variabel løn for desember blir utbetalt i januar året etter og bokført på det nye året. Dette vert gjort fordi lønsinnberetning til dei tilsette følgjer utbetalingsåret, og det vert ein del av den automatiske posteringa i rekneskapen. Administrasjonen meiner det er svær arbeidskrevjande å gjennomføre endring av rutinane med å bokføre variabel løn for desember på det tilhøyrande året.

Rådmannen opplyser at periodisering vil bli gjennomført for rekneskapsåret 2019 for at balansen per 01.01.2020 skal verte korrekt. Det er vedtaket om samanslåing til Nye Ålesund kommune som er utløysande for mest mogleg korrekt balanse.

Kommunerevisjonen har ikkje motteke noko anslag for størrelsen på variabel løn for desember, men vi meiner at det kan vere om lag 1,5 til 2 millionar kroner.

Kommunen har eit avvik på skyldig arbeidsgjevaravgift som kjem frå postering av arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgiftene. Avviket har akkumulert seg dei tre siste åra. Rådmannen opplyser at dette vil bli korrigert i løpet av 2019.

Salsområdet teknisk sektor

Vi har kartlagt internkontrollen og kontrollert utfakturering av mellom anna kommunale avgifter og tilfeldige kommunale gebyr.

Vi meiner at rutinane med intern kontroll på dette området er gode. Det er ei rutine for å registrere endringar i matrikkel, og det vert gjennomt synkronisering mellom matrikkel og fakturasystemet

Komtek. Saksbehandlar sine meldingar om ferdigattestar på bygg og midlertidige bruk vert arkivert og brukt til fakturering.

Vi har tatt ein del stikkprøver både mot vedtak og vedtekne betalingssatsar, og har ikkje avdekkja avvik.

Bruk av kommunale bilar

Formålet med kontrollen er å sjå om bruken er i konflikt med reglane om skatteplikt for fri bruk av arbeidsgivar sin bil. Tilsette som kan bruke arbeidsgjevar sin bil til privat bruk og køyring mellom heim og arbeidsstad, skal ha denne fordelten innrapportert til skatteetaten. Unntak er sporadisk bruk.

Enkelte einingar praktiserer bruk av køyrebok, men ikkje alle. Som ein del av den interne kontrollen er det eit krav at bilane skal parkerast på kommunen sine oppstillingsplassar når arbeidsdagen er over. Unntatt er bruk av bil til helgevakt. Da bruker den som har vakt bilen til å køyre mellom arbeidsstad og heimen.

Når kommunal vaktbil blir brukt til køyring mellom arbeidsstad og heimen, vil dette vere ein fordel som den tilsette har. Vi kan ikkje sjå at denne fordelten vert rapportert til skatteetaten.

Vår vurdering er at kommunen har gode rutinar for kontroll av bruken av dei kommunale bilane.

Med helsing



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Sak 11/18 - Årsrekneskap 2017 - Fellesnemnda Nye Ålesund

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til fellesnemndas rekneskap 2017
2. Fellesnemnda for Nye Ålesund sitt rekneskap 2017

Bakgrunn:

Norges Kommunerevisorforbund har i tilknytning til arbeidet med kommunereformen utarbeidet heftet «Kommunereform – sjekklister for revisor, kontrollutvalg og sekretariat». Her omtales flere sentrale temaer knyttet til reformen, bl.a. hvem revisor skal rapportere prosjektrekneskap til.

I heftets punkt 4 finner vi følgende:

4.3 Hvem skal revisor rapportere til?

I Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) er det uttalt flg. under pkt. 8.2.3:

«Når det gjeld folkevalt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den liggje til den enkelte kommunen sitt kontrollutval, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune. Dermed må revisor rapportere til alle dei aktuelle kommunane/fylkeskommunane.»
Fellesnemndas funksjonstid er begrenset og det er viktig med god forankring og innsyn i alle de deltagende kommuner. På denne bakgrunn anbefales at revisor rapporterer i tråd med anbefalingene i Ot.prp. nr. 41 (2000-2001.)

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt vedtak:

Fellesnemnda for Nye Ålesund sitt prosjektrekneskap 2017 blir teken til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat



Arkivsak: 17/93
Journalpost: 18/91
Saksbehandlar: Astrid Eidsvik
Dato: 23.03.2018

Saksframlegg

Prosjektrekneskap 2017

Saksnummer:	Utval:	Møtedato:
	Arbeidsutval nye Ålesund	
	Fellesnemnd nye Ålesund	

Framlegg frå prosjektleiar:

Fellesnemnda vedtek rapport for prosjektrekneskap 2017.

Saksutgreiing:

Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 5.232.170,- i 2017. Dette er eit mindreforbruk på kr. 617.830,- ut frå vedtatt budsjett 2017 på kr. 5.850.000,-.

Det framgår av saksutgreiinga at nokre utgifter som eigentleg vert ført i 2017, vert rekneskapsført i 2018. Det framgår også i sakutgreiinga at utgifter til møtegodtgjersle var budsjettert for lavt i 2017.

Rekneskap 2017 er i første fase i prosjektet for bygging av nye Ålesund, det er venta at mange faktorar er ukjende. Ein må lese rekneskapen i lys av dette. Prosjektbudsjett 2017-2019, vedteke i fellesnemnda 7.12.2017 (F-sak 40/17), uttrykker følgjande i kap. 1.2. Prosjektstyring og prosjektbudsjett:

«Etablering av nye Ålesund er eit prosjekt der mange faktorar ikkje er kjende enno. Eit prosjektbudsjett skil seg frå eit kommunalt årsbudsjett som følgjer ein årssyklus der dei fleste faktorar er kjende. Der er vanskeleg å detaljbudsjettere i eit prosjekt med mange ukjende faktorar, usikkerheit og uavdekka behov. Prosjektleiar treng spelerom til å handtere endringar undervegs i prosjektet. Dermed er det meir tenleg med sekkepostar enn detaljbudsjettering i prosjektbudsjettet.

Ein tek sikte på årleg revidering av prosjektbudsjettet, samt rapportering pr. tertial. Det vil vere høve til å justere budsjettet ved kvart rapporteringstidspunkt. Prosjektbudsjettet vert regnskapsført i Ålesund kommune, og er adskilt i eige ansvarsområde (19001). Prosjektleiar disponerer budsjettet i samsvar med delegasjonsreglementet.»

Vurdering:

Prosjektet for bygging av ny kommune skal dekkast av økonomisk støtte og tilskot frå staten, og skal ikkje gå på bekostning av dei kommunale budsjetta. Nye Ålesund har

motteke kr. 61.500.000,- til å dekke eingongskostnader for samanslåinga 2017-2019, i tillegg har nye Ålesund motteke skjønnsmidlar frå fylkesmannen til øymerka tiltak på til saman kr. 6.950.000,-, samt tilskot infrastruktur frå KMD etter søknad kr. 5.000.000,-.

Oversikt type støtte/kompensasjon/tilskot	Tildelt 2017 - 2019
Eingongskostnader	61 500 000
Tilskot til infrastrukturtiltak i samband med kommunereforma	5 000 000
Skjønnsmidlar til innovasjons- og utv.arbeid frå FM 17-19	6 000 000
Skjønnsmidlar til demokratiutvikling frå Fylkesmannen 2017	950 000
Sum inntekter	73 450 000

Fellesnemnda vedtok prosjektbudsjettet for nye Ålesund 2017-2019 i fellesnemndmøte 7.12.2017 (F-sak 40/17):

Vedtatt budsjett 7.12.2017	2017	2018	2019	Sum 2017-2019
Lønn stillingar i prosjektorganisasjonen	2 800 000	6 600 000	6 300 000	
Husleige og inventar/utstyr	150 000	500 000	500 000	
Møtegodtgjersle folkevalde	200 000	3 000 000	3 000 000	
Frikjøp tillitsvalde	750 000	2 000 000	1 500 000	
Interne frikjøp, kompensasjon prosjektarb. og eksterne konsulenttenester	1 200 000	6 000 000	3 000 000	
Kurs, møter, opplæring, arrangement	300 000	2 000 000	3 000 000	
Reiseutgifter	50 000	1 500 000	1 000 000	
Annonser, informasjon, profil, skilt	300 000	2 000 000	2 000 000	
Til disposisjon (IKT-utgifter m.v.)	100 000	7 000 000	10 000 000	
Infrastruktur: Fiberkabel til kommunal drift		4 500 000		
Infrastruktur: Gang og sykkelveg – utgreiing		500 000		
Fiber/breiband der det ikkje er kommersielt lønsamt – utgreiing		500 000	500 000	
Sum	5 850 000	36100000	30 800 000	72750000

Ein tek sikte på årleg revidering av prosjektbudsjettet, samt rapportering pr. tertial. Det vil vere høve til å justere budsjettet ved kvart rapporteringstidspunkt, jamfør F-sak 40/17.

Rekneskap 2017

Tabellen under viser rekneskap opp mot vedteke budsjett 2017:

	Regnskap 2017	Budsjett 2017
Lønn	2 386 611	2 800 000
Husleige og inventar	207 262	150 000
Møtegodtgjersle folkevalde	998 373	200 000
Frikjøp tillitsvalde		750 000
Interne frikjøp, kompensasjon og konsulenttenester	762 057	1 200 000
Kurs, møter, arrangement	259 663	300 000
Reiseutgifter	90 282	50 000
Annonser, informasjon, profil	357 248	300 000
Til disposisjon	170 673	100 000
SUM	5 232 170	5 850 000

Forbruket mellom postane varierer noko mellom budsjett og rekneskap. Det er i hovudsak brukt mindre på «Lønn» og «*Interne frikjøp, kompensasjon prosjektarbeid og eksterne konsulenttenester*» og meir på «*Møtegodtgjersle folkevalde*» enn budsjettert.

Fullverdig rekneskap 2017, samt revisoruttale ligg ved.

Prosjektleiari kommenterer nokre utvalde postar:

10 Lønn stillingar prosjektorganisasjonen og 1271 Kjøp av interne konsulenttenester «Lønn» viser eit mindreforbruk på kr. 413.389,-, årsaka til dette er at prosjektleiari ikkje starta i jobben før 2018, samt at refusjon for politisk sekretær er ført på rekneskap for 2018. (Lønn innbefattar gruppe rekneskapsart 10, utanom 1082 møtegodtgjørelse og 1083 Tapt arbeidsfortjeneste politikere.)

Prosjektorganisasjonen har i 2017 hatt følgjande tilsette og frikjøpte:

- Prosjektkoordinator 100 % prosjektstilling, januar-desember 2017
- Rådgjevar demokrati og innbyggjarmedverknad 100 % prosjektstilling, april-desember 2017
- Kommunikasjonsansvarleg 100 % frikjøp, mars-desember 2017. Refusjon til Ålesund kommune for frikjøpet, er regnskapsmessig ført på 1271 kjøp av interne konsulenttenester. I oversikta over er kostnaden inkludert i Lønn.
- Frikjøp politisk sekretær 40 % august-desember 2017, er reknskapsmessig ført på nye Ålesund i 2018, og er ikkje inkludert i rekneskapen for 2017.
- Timebetaling i 2017 for administrativ tilretteleggar interkommunale samarbeid (samla kr. 78.000,-), er dekkja av Ålesund kommune, og er ikkje inkludert i rekneskapen for nye Ålesund. Timebetaling i 2018 er ført på nye Ålesund.

1082 Møtegodtgjersle og 1083 Tapt arbeidsfortjeneste politikarar

Det er utgiftsført kr. 998 373,-, dette er eit meirforbruk på kr. 798.373,- samanlikna med budsjett 2017. Årsaka til avviket er at budsjettposten for møtegodtgjersle 2017 ikkje vart oppjustert etter at fellesnemnda vedtok reglement for møtegodtgjersle i oktober 2017. For 2018 og 2019 er posten oppjustert i samsvar med reglementet.

Det er også ei medverkande årsak at det har vore høg aktivitet i komitèarbeida som utløyser møtegodtgjersle.

Frikjøp tillitsvalde

«*Frikjøp tillitsvalde*» er budsjettert med kr. 750.000,-, men det er ikkje utgiftsført noko på denne posten i 2017. Grunnlaget for budsjettposten er Reglement for frikjøp tillitsvalde som vart vedteke i fellesnemnda F-sak 10/17, 24. august 2017. I vedtaket står at kommunane sine utgifter til løn for frikjøp i partssamansatt utval vert refundert frå og med september 2017. Refusjon til kommunane i samband med utgifter til tillitsvalde, er ikkje spesifisert i økonomisystemet.

1270 konsulenttenester og 1140 annonser m.m.

«*Interne frikjøp, kompensasjon og konsulenttenester*» viser eit mindreforbruk på kr. 437 943,-. «*Annonser, informasjon, profil*» viser eit meirforbruk på kr. 57 248,-. Dei viktigaste utgiftspostane på desse to områda er:

- Kjøp av eksterne konsulenttenester og annonseutgifter i samband med ekstern rekruttering av rådmann/prosjektleder nye Ålesund, i samsvar med vedtak dei fem kommunestyra april 2017.
- Kostnader til oppbygging av eiga internettside og for nye Ålesund og kjøp av eksterne konsulenttenester for utarbeiding av grafisk materiell og uttrykk for prosjektet, i samsvar med vedtak i fellesnemnda F-sak 17/17 14. september 2017.

1116 Bevertning, møter, kurs etc og 1700 Refusjon frå staten

«Kurs, møter, arrangement» har utgiftsført kr. 259 663,- , dette gjeld i hovudsak bevertning på politiske møter og møter i delprosjekta. Det er viktig å nemne at Fylkesmannen har refundert utgiftene til felles kommunestyremøte på NMK i juni 2017 på kr. 205.572,-, mykje av dette var bevertning. Dette er inntektsført på post 1700 Refusjon frå staten.

Oppsummering

Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 5.232.170,- i 2017. Dette er eit mindreforbruk på kr. 617.830,- ut frå vedtatt budsjett 2017 på kr. 5.850.000,-. Forbruket mellom postane varierer noko mellom budsjett og rekneskap. Det er i hovudsak brukt mindre på «Lønn» og «Interne frikjøp, kompensasjon prosjektarbeid og eksterne konsulenttenester» og meir på «Møtegodtgjersle folkevalde» enn budsjettert.

Prosjektleder tek sikte på å legge fram tertialrapportering og revidert prosjektbudsjett til fellesnemnda 9. mai 2018, jamfør F-sak 40/17 prosjektbudsjett 2017-2019, kap. 1.2.

Astrid Eidsvik
prosjektleder

Vedlegg:

27.03.2018	Rekneskap nye Ålesund 2017 - vedlegg	1325670
25.04.2018	Melding frå uavhengig revisor vedkomande prosjektrekneskap for fellesnemnda for nye Ålesund kommune	1325915

ANSVAR 19001 NYE ÅLESUND

Art	Navn	Regnskap
1010	LØNN I FASTE STILLINGER	1 115 921
1060	AVGIFTSPL REISEGODTGJØRELSE	1 966
1068	LØNN NATURALYTELSER	2 390
1082	MØTEGODTGJØRELSE	970 635
1083	TAPT ARBEIDSFORTJENESTE POLITIKERE	27 739
1090	PENSJONSPREMIE KLP	75 858
1092	GRUPPELIVSFORSIKRING, OPPGAVEPLIKTIG	520
1094	ULYKKESFORSIKRING, OPPGAVEPLIKTIG	130
1099	ARBEIDSGIVERAVGIFT	309 724
1100	KONTORMATERIELL	8 481
1102	ANDRE EDB-UTGIFTER	87 182
1116	BEVERTNING MØTER, KURS, ETC	214 926
1126	TJENESTEKJØP	13 260
1129	ANNET FORBRUKSMATERIELL OG TJENESTER	1 818
1132	DATAKOMMUNIKASJON	14 750
1140	ANNONSER, REKLAME, INFORMASJON	340 680
1150	REISEUTGIFTER, IKKE OPPGAVEPLIKTIGE	75 656
1151	KURSUTGIFTER, IKKE OPPGAVEPLIKTIG	44 737
1160	REISEUTGIFTER, OPPGAVEPLIKTIGE	11 655
1162	DIETTGODTGJØRELSE, OPPGAVEPLIKTIGE	2 712
1186	ULYKKESFORSIKRING, IKKE OPPGAVEPLIKTIG	260
1190	HUSLEIE	120 080
1196	LISENSER	25 558
1199	ANDRE AVGIFTER OG GEBYRER	1 000
1200	INVENTAR OG UTSTYR (KJØP OG FINANSIELL L	78 701
1221	EDB-UTSTYR (KJØP OG FINANSIELL LEASING)	4 696
1270	KONSULENTTJENESTER	252 723
1271	KJØP AV INTERNE KONSULENTTJENESTER	880 103
1275	INTERNE FORDELINGS KOSTNADER	417 290
1350	BETALING TIL ANDRE KOMM/KOMMUNALE INST.	92 044
1429	MOMS GENERELL KOMP.ORDNING	182 303
1470	OVERFØRINGER TIL PRIVATE	38 184
1503	FORSINKELSESRENTER	794
1550	AVSETNING TIL BUNDNE FOND	66 144 791
	SUM UTGIFTER	71 559 264
1700	REFUSJON FRA STATEN	-205 572
1729	KOMPENSASJON FOR MERVERDI AVGIFT	-182 303
1820	STATSTILSKUDD - ØREMERKET	-69 000 000
1900	RENTEINNTEKTER FRA BANK	-228 032
1950	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-1 943 357
	SUM INNTEKTER	-71 559 264
	SUM TOTALT	-

Fond 2510135 NYE ÅLESUND

IB 2017	-834 997
Bevegelse	-58 845 671

UB 2017	-59 680 668
----------------	--------------------

Fond 2510138 NYE ÅLESUND DELPROSJEKT P2	
IB 2017	-
Bevegelse	-360 529
UB 2017	-360 529

Fond 2510140 NYE ÅLESUND INFRASTRUKTUR	
IB 2017	-
Bevegelse	-5 000 000
UB 2017	-5 000 000

	Regnskap 2017	Budsjett 2017
Lønn	1 506 508	2 800 000
Husleie og inventar	207 262	150 000
Møtegodtgjørelser	998 373	200 000
Frikjøp tillitsvalgte		750 000
Interne frikjøp, kompensasjon og konsulenttenester	1 642 160	1 200 000
Kurs, møter, arrangement	259 663	300 000
Reiseutgifter	90 282	50 000
Annonser, informasjon, profil	357 248	300 000
Til disposisjon	170 673	100 000
SUM	5 232 170	5 850 000

Til
Fellesnemnda i Nye Ålesund kommune

Kopi:
Kommunestyrane i Haram, Sandøy, Skodje,
Ørskog og Ålesund kommunar
Kontrollutvala i Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og
Ålesund kommunar

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR VEDKOMANDE PROSJEKTRKESKAP FOR FELLESNEMNDA FOR NYE ÅLESUND KOMMUNE

Konklusjon

Vi har revidert prosjektrekneskapen for fellesnemnda i Nye Ålesund kommune for 2017, som viser sum utgifter på kr 5 232 170. Prosjektrekneskapen består av regnskapsoppstilling og oversikt over bundne fond. Prosjektrekneskapen er utarbeidd av fellesnemnda.

Etter vår meining er prosjektrekneskapen for fellesnemnda i Nye Ålesund kommune for 2017, i det alt vesentlege eit uttrykk for fellesnemnda sitt resultat og stilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er omtalt i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektrekneskapet*. Vi er uavhengige av fellesnemnda og kommunane slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei etiske pliktane våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Presisering – grunnlag for rekneskapen

Prosjektrekneskapen er utarbeidd for å gi informasjon til fellesnemnda og kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Prosjektrekneskapen er difor ikkje nødvendigvis egna for andre formål.

Fellesnemnda sitt ansvar for prosjektrekneskapet

Fellesnemnda er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som fellesnemnda finn naudsynt for å kunne utarbeide eit prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av prosjektrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på prosjektrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i prosjektrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av organisasjonen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om dei brukte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga er rimelege

Vi kommuniserer med leiinga mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekt i samband med revisjonen, også om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttale om budsjett

Basert på revisjonen av prosjektrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i prosjektrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Ålesund, 17. april 2018



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Sak 12/18 - Rutinar knytt til kontroll og oppklaring hos underleverandørar.

Sunnmøre Innkjøpssamarbeide uttaler følgende:

Vi tolker dette til oppfølging innen bygge og anleggskontrakter. Slike konkurranser/kontrakter er i stor grad gjennomført selv av den enkelte kommune, som regel ved hjelp av konsulenter. Her er det ikke etablert felles rutiner for slike avtaler. Innkjøpssamarbeidet gjennomfører mest rammeavtaler, herunder håndverkertjenester. I våre kontrakter stiller vi krav til fremleggelse av skatt/mva-attest. Utfylt ESPD-skjema (<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/offentlige-anskaffelser/andre-kolonne/det-europeiske-egenerklaringsskjemaet/id2525560/>) ved kvalifisering av leverandør. Kontraktsvilkår inneholder krav til lønns og arbeidsvilkår, menneskerettigheter, miljø, universell utforming, etiske og sosiale krav i tillegg til «Seriositetsbestemmelsene» i alle tjenestekontrakter. «seriositetsbestemmelsene» har mange kommuner vedtatt hver for seg. Disse stiller krav til

- 1. HMS-kort og dokumentasjon på ansettelsesforhold^[1]**
- 2. Pliktig medlemskap i StartBANK eller tilsvarende leverandørregister**
- 3. Krav om faglærte håndverkere ^[2]**
- 4. Lærlinger ^[3]**
- 5. Rapporteringsplikt til Sentralskattekontoret for utenlands saker**
- 6. Internkontroll. Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA)**
- 7. Krav til lønns- og arbeidsvilkår**
- 8. Bruk av underleverandører, herunder innleid arbeidskraft^[4]**
- 9. Krav om betaling til bank**
- 10. Mislighold av kontraktsforpliktelser - konsekvenser for senere konkurranser**
- 11. Revisjon**

^[1] (1) Endret ifht. Seriositetsbestemmelsene, jf. bystyresak 131/16

^[2] (2) Endret ifht. Seriositetsbestemmelsene, jf. bystyresak 131/16

^[3] (3) Endret ifht. Seriositetsbestemmelsene, jf. bystyresak 131/16

^[4] (4) Endret ifht. Seriositetsbestemmelsene, jf. bystyresak 131/16

Før oppstart av hver konkurranse gjennomfører vi et internt møte der vi går gjennom mal for kontraktstrategi. Denne inneholder blant annet risikoer i markedet vi skal anskaffe tjenester. Ut fra hvordan vi vurderer risiko, setter vi også opp plan for oppfølging av kontrakten.

Ved behov for ekstern hjelp for oppfølging av sosiale- og miljøkrav, har vi en rammeavtale gjennom Oslo kommune som kan hjelpe oss dersom vi ikke har nok ressurser men likevel finner det nødvendig å gjennomføre større revisjoner. (Ikke benyttet til nå)

Vi gjennomfører 1-3 kontroller fysisk hvert år, i hovedsak på lønns og arbeidsvilkår hos vikarbyrå til helsesektoren, men vi har også hatt kontroll f.eks ved rehabilitering av Ålesund rådhus, sjåførene til Årim, med flere.

Vi har til nå ikke funnet store avvik på kontraktsvilkår, men vi skal huske at de som virkelig ønsker å «svindle» ordner seg greit forbi de kravene vi setter for å delta i en konkurranse, f.eks skatt, mva, adgangskort, dokumentasjon på arbeidskontrakt, lønns og arbeidsvilkår, men likevel driver useriøst. Vi er 1. kontrollen og arbeidstilsyn, skattemyndighet og politi er nok de som skal «ta» de som virkelig svindler.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat